

Artsdatabanken  
v/ Lisbeth Gederaas  
7491 Trondheim

Dato: 28.01.2016  
Deres ref: 2015/16423/lg  
Vår ref: 2015/1835/kah

## Kommentarar til "Veileder for fremmede arter 2017 – risikovurdering av økologisk påvirkning Versjon 0.9"

NIBIO viser til invitasjon frå Artsdatabanken til å gi innspel på ""Veileder for fremmede arter 2017 – risikovurdering av økologisk påvirkning Versjon 0.9", og vil nytte muligheten til å komme med nokre kommentarar. Problemstillingar knytt til framande artar har store relevans for fleire tema der NIBIO har stor forskingsaktivitet som for eksempel skogproduksjon og skogøkologi, plantehelse, landskaps- og vegetasjonsøkologi og biologisk mangfald. Kommentrarane nedanfor er ført i pennen av Knut Anders Hovstad, men med innspel frå fleire andre forskarar. NIBIO ønskjer Artsdatabanken lukke til i arbeidet med revidering av svartelista for framande artar.

Vennleg helsing

Nils Vagstad (sign.)  
*forskingdirektør*

  
Knut Anders Hovstad  
*forskingssjef*  
Avdeling for kulturlandskap og  
*biologisk mangfald*



## **Kommentarar til "Veileder for fremmede arter 2017 – risikovurdering av økologisk påvirkning Versjon 0.9"**

NIBIO sine kommentarar til "Veileder fremmede arter 2017" går i første rekke på det regionale aspektet i vurderinga av framande artar. I dokumentet blir det vist til regionar både for vurdering av om artar er "regionalt fremmede" og i vurderinga av økologiske effektar. I begge tilfeller framstår regionane ikkje som klart definerte.

I avsnitt 2.4.4. blir regionalt framande artar definert og det blir vist til "landsdelen som er under vurdering". Landsdel er likevel ikkje nødvendigvis ei regional inndeling som gir meining biogeografisk. Fylker blir òg brukt som geografisk eining ved innlegging av data, men ut frå dokumentet er det vanskelig å danne seg eit klart bilete av korleis data på fylkesnivå er tenkt brukt. Ved vurdering av regionalt framande artar, er det potensielt ei utfordring at artar opptre med små og isolerte forekomstar i regionar der arten elles ikkje finst. I mange tilfeller vil det vere vanskelig å vurdere om dette er forekomst introdusert av menneske etter år 1800 eller ein "naturlig" forekomst. Her kan det potensielt oppstå mange spørsmål knytt både til vurdering av forekomsten si historie, og avgrensinga av regionen som ligg til grunn for vurderingane.

For vurdering av økologiske effektar (for eksempel side 29) blir det opplyst at regionale vurderingar i utgangspunktet skal leggest inn i databasen basert på bioklimatiske soner. Det vil likevel vere mulig å definere "selvdefinerte områder". Ein kan lett tenke seg at det her blir definert regionar som det i liten grad er konsensus og faglig grunnlag for. *Ein bør vurdere om det regionale aspektet bør vere med i vurderingane av både "regionalt fremmede arter" og "økologisk effekter" - før ein har etablert klare og omforente definisjonar av biologisk og forvaltingsrelevante regionar.*

For fleire aktuelle artar (og økologiske effektar) vil det vere ein stor mangel på empiriske data. Det er ønskelig med ein klarare strategi for korleis ein skal handtere artar der datamangelen er stor. Her kan det vere gode idear å hente frå arbeide med Norsk rødliste for artar.

I dokumentet blir det gjort relativt detaljert greie for risikovurdering av framande artar. Det framstår likevel som lite dokumentert korleis usikkerheten i dei forskjellige vurderingane påverkar totalvurderinga for ein art. I mange tilfeller vil det vere stor usikkerhet knytt til vurderingane mellom anna på grunn av mangel på data. Det er positivt at metoden for svartelistevurdering er godt og detaljert beskriven, men det er likevel ein fare for at dette kan bidra til å "kamuflere" den usikkerheten som faktisk ligg i vurderingane. For eit meir allment publikum kan det òg vere vanskelig å forstå samspelet mellom dei ulike kriterium (for eksempel samspelet mellom kriterium C som ikkje inkluderer tetthet på liten skala, og kriterium D-G som estimerer økologisk effektar). Eksempel som illustrerer risikovurderinga kan bidra til å at metoden er lettare å forstå og kommunisere til eit allment publikum.